



Lørenskog, 7. september 2008

Kultur- og Kirkedepartementet

Kirkeavdelingen

Postboks 8030 Dep.

0030 Oslo

Høyringsfråsegn om innstillinga Styrket demokrati i Den norske kirke

Innleiing.

Vi mottok innstillinga frå arbeidsgruppa ved St.Hanstider og skal no, rett etter at alle er tilbake frå ferie, uttale oss om prinsipielt og praktisk svært viktige spørsmål som gjeld framtida for Den norske kyrkja. Høyringsfristen er blitt berre kring to månader, den burde definvt vore tre månader som er det mest vanlege ved offentlege høringar. Mesteparten av den vesle tida vi har fått er ferietida. Vi finn opplegget for denne høyringsrunden heilt uforsvarleg.

Det heiter i innstillinga at arbeidet for å styrkje demokratiet i Den norske kyrkja skal «bygge på soknet som grunnenheten i kirken og soknets organet som grunnstrukturen i kirken». Opplegget for høyringsrunden der ikkje minst sokneråda får så dårlege vilkår for å seie sitt, tyder på at arbeidet med demokratispørsmåla først og fremst er eit politisk byggverk der innspel frå sokneråda synest vere av langt mindre verdi. Det er vi lei oss for.

Det seier seg sjølv at vi ikkje med den tida vi har hatt til rådvelde har høve til å gå skikkeleg inn i alle spørsmåla. Vi har valt å konsentrere oss om nokre hovudspørsmål og så summarisk vere innom nokre av dei andre. Men ein skikkeleg prosess blir uråd når fristen er så uforsvarleg kort. Vi registrerer også at arbeidsgruppa fortel om kort tid til arbeidet sitt.

Vi ser dei utfordringane som gjeld å få større oppslutnad om val og slik styrke demokratiet. I vårt eige bispedømme er valoppslutnaden blant dei aller lågaste i landet. Det er klart vi må gjere noko for å betre dette. Vi er likevel glad arbeidsgruppa tek «avstand fra påstander om at kirken i dag er udemokratisk i sin basis og oppbygning».

Vi registrerer at arbeidsgruppa legg opp til tiltak som i kvart av vala i 2009 og 2011 skal koste mellom 80 og 110 millionar kroner. Vi tek det for gitt at dersom så store summar blir brukte på tiltak for å få nokre fleire prosentar til å røyste, så blir det enklare tilgang også på større midlar til å drive reelt arbeid i denne kyrkja.

Det er eit demokratisk problem at dei statlege overføringane til kyrkja lokalt blir mindre og mindre år for år. Folk som let seg velje til menighetsråd og kyrkjeleg fellelsråd får lite handlingsrom når ein ikkje har midlar til å verkeleggjere planar. □

5. Valordningar

5.2. Val av kyrkjemøte og bispedømeråd

Vi er samd i val i bispedømmet som valkrins. Vi registrerer forslaget om preferansevalg som interessant, men nøler med å støtte det sidan vi har hatt så kort tid til å vurdere dette. Det ser tungvint ut i oppteljinga og kan opne for vel mykje aksjonisme på valdagen.

5.2.3. Auka bruk av direkte val

Vi ser argumenta for auka bruk av direkte val, men nøler med å støtte at heile valet til Kyrkjemøtet og bispedømmerådet skal vere ved direkte val. Når arbeidsgruppa så sterkt understrekar at soknet er ei grunneining, bør ikkje soknerådet fråtakast oppgåva med å innverke på kven som representerer i organa over. Det er også lett å tenkje seg at enkeltgrupper som organiserer seg, vil få altfor stor innverknad. Vi ser gode grunnar for utprøving av begge skisserte ordningar i 2009 og 2011 - altså at somme har berre direkte val og andre ein kombinasjon av direkte og indirekte val. Prinsipielt deler vi likevel utvalsmedlem Harald Hegstads syn på valordninga (side 53-54) om at den bør skje ved indirekte val der lokale kyrkjelydar er grunneininga i kyrkja og der sokneråd har røysterett ved val av bispedømmeråd og kyrkjemøte.



Lørenskog, 7. september 2008

Eit av spørsmåla våre er på kva grunnlag ein skal evaluere forsøka? Korleis kan ein registrere og evaluere det som måtte vere av uønskte effektar? Vi støttar at evelueringa å vere forskingsbasert m.m. (8.1.)

5.4. Konsekvensar av forslaga.

Vi ser mellom anna at arbeidsgruppa fastslår at «de nåværende menighetsråd må avslutte sin funksjonsperiode 30. september 2009».

Vi er enige i at for ettertida dersom det blir val midt i september, bør starten på den nye funksjonsperioden vere tidlegare enn no. Men vi er grunnleggjande uenige i at utprøvinga i valet i 2009 skal ha tilbakeverkande kraft for funksjonsperioden til sitjande sokneråd. Dagens sokneråd er valde for ein periode som strekkjer seg ut 2009, og det finst ingen grunnar for med tilbakeverkande kraft å reversere dette.

6. Tid og stad for vala

Vi er samd med arbeidsgruppa i at det ikkje no er grunn til å endre valordninga til sokneråd/menighetsråd.

6.1. Tid og stad for vala

Det viktigaste framlegget for å styrkje oppslutnaden om valet er å leggje dei kyrkjelege vala same dag som politiske val – i 2009 same dag som stortingsvalet og i 2011 og seinare på same dag som kommune- og fylkestingsvalet. Her er rådet vårt delt i eit fleirtal og eit mindretal.

Fleirtalet (6) i menighetsrådet stør forslaget om samordning med offentlege val. Vi ser innvendingar, men er komne til at dette tiltaket har vist seg som eit så godt tiltak for å auke oppslutnaden om valet at vi vil stø det. Vi ser at tiltaket vil gjere det lettare for ulike grupper å nytte røysteretten.

Mindretalet (2) deler den same motstanden mot forslaget som Bakkevig presenterte i det første utvalet sitt (Samme kirke - Ny ordning. Innstilling fra Kirkerådets Kirke/stat-utvalg i 2002) la på bordet. Bakkevig I-utvalet sa at «av religionspolitiske og kyrkjelege grunnar er det viktig å skilje dei frå offentlege val.» «Utvalet meiner at desse vala må ha tydeleg karakter som kyrkjelege val.» Mindretalet registrerer at desse viktige prinsippa no vert kasta på båten.

Mindretalet meiner også at vi veit lite om kva som verkeleg kan gjerast for å styrkje oppslutnaden om valet utan ei slik samankopling, dersom det hadde blitt løyvd pengar til gode informasjonstiltak på eit kyrkjeval på reint kyrkjelege vilkår.

Eit samla råd poengterer at det er behov for å styrkje soknerådet som myndeorgan. Det er vanskeleg å rekruttere villige og motiverte kandidatar til å fylle listene og dekkje både valde representantar og det lovfesta minimum av vararepresentantar. Vi les at arbeidsgruppa også er oppteken av dette (side 42). Men ingen av tiltaka handlar om rekruttering.

Mindretalet trur at kortare valperiode på tre år kunne vore med på å gjere det lettare å få folk til å stille til val og til å ta attval. Det same meinte også Bakkevig I-utvalet (side 136 i Samme kirke ny ordning). Men med opplegget til Bakkevig II-utvalet vil valperiodar på tre år, som i praksis er det einaste reelle alternativet til fire år, vere uråd å gjennomføre sidan vala skal koplust til politiske val med 4-års bolkar.

Eit samla menighetsråd meiner at ved samordning mellom kyrkjelege og offentlege val, er kopling til lokalval det klart beste alternativet. Kyrkja må møte den utfordringa det er å setje ein kyrkjeleg dagsorden på ein valdag der lokale spørsmål uansett har lett for å druke i rikspolitiske. Dette kan likevel bli eit høve til å rette søkjelyset på kommunen og den lovfesta plikta kommunen har til å finansiere kyrkja. □

Førehandsrøysting.

Eit samla menighetsråd er samd med arbeidsgruppa i at dersom det vert kyrkjeval på offentlig valdag og knytt opp til offentlege vallokale på eit vis, må ordninga for førehandsrøysting byggjast ut – i kyrkja ved ei eller fleire gudstenester. Vi kan ikkje halde fram berre med førehandsrøysting på kyrkjelydskontoret dit svært få veljarar tek vegen.

6.2/6.3. Valkort.

Vi er for at det vert sendt ut valkort og rydda opp i medlemsregisteret.

6.4. Røysterett i eit anna sokn.



Lørenskog, 7. september 2008

Vi er samd med forslaget om at soknerådet (og ikkje biskopen som i dag) kan avgjere om eit kyrkjemedlem skal få overført røysteretten sin og retten til bli vald til eit anna sokn enn der vedkomande bur. Og det er frå vår synsstad naturleg, men kanskje ikkje heilt sjølvsgagt, at det er soknerådet der vedkomande gjerne vil røyste som avgjer dette.

6.6. Informasjon

Vi er tilhengjarar av betre informasjon både om retten til å stille alternative lister, om tid og stad for val og om kandidatane. Presentasjon av kandidatane er viktig. Men kven som skal avgjere kva slags tema desse skal gå inn i i ein slik presentasjon, er for oss uklart. Skal dei sjølve velje kva dei vil fortelje om sin teologiske og kyrkjepolitiske ståstad, eller skal sentrale organ laga ein slags meny? Vi held oss til tanken om ein sjølvstyrt presentasjon.

6.7.

Vi vil behalde den røysteretten som gjeld offentlege val. Når vala vert samordna er det i alle fall ingen grunn til å senke røysterettsalderen ved kyrkjelege val.

6.12.

Det er heilt nødvendig med langt betre kapasitet administrativt og til skolering dersom forslaga vert gjennomførte.

7.

Vi vil understreka behovet for Den norske kyrkja sjølv får velje sine biskopar.

Lørenskog 5.9.2008

Johannes Morken
Leiar

Karen Marie Ellefsen
nestleiar